

Reviderte retningslinjer SMIL

Kviteseid kommune

Tidl vedteke i SSU-møte 14.04.2005
Sist endra ved vedtak i SSU-møte 20.03.2007

Generelle vilkår:

Kommunen sine retningslinjer byggjer på forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket fastsett 4.febr. 2004 av Landbruksdepartementet samt kommentarar til forskrifta – rundskriv 33/2004 frå Statens landbruksforvaltning og forvaltning av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket - rundskriv 07/2005.

Der ikkje anna er fastlagt anten i forskrifta, i kommentarane eller i dei kommunale retningslinjer, gjeld dei tidlegare forskriftene:

Forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak 27. des. 1999, forskrift om spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap 26.febr. 1999, forskrift om miljøretta omlegging i kornområda og rundskriv 4/00 frå Landbruksdepartementet om områdetiltak 14.febr.2000.

Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket er heimla i jordlova.

Formålet:

Formålet er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket.

Verkeområde/kven kan søkje:

Prosjekta/tiltaka gjeld på landbrukseigedomar som kan nyttas til jord- og skogbruksformål. Søkjaren treng ikkje ha rett til produksjonstilskot (det er ikkje noko minstekrav til storleiken på landbrukseigedommen). Det kan gjevast tilskot til tiltak i område som er verna etter lov om naturvern eller objekt/areal som er verna etter lov om kulturminne.

Søklarar er føretak eller eigarar som driv og/eller eig ein landbrukseigedom, eller kvar og ein som er registrert i enhetsregisteret og som har fått løyve av eigaren av landbrukseigedommen til gjennomføring av aktuelt tiltak/prosjekt. Lag/foreiningar kan også søkje så sant dei er registrert i enhetsregisteret.

Arbeidsfrist:

Arbeidsfristen er 2 år frå godkjent søknad. Kommunen kan forlange søknadsfristen med inntil tre år slik at total arbeidsfrist er 5 år.

Vilkår for støtte:

Støtte til miljøtiltak kan gjevast med bakgrunn i godkjent kostnadsoverslag. Tiltaket skal utførast som planlagt. Ved brot på vilkåra, kan tilskotet inndragast eller eventuelt krevjast tilbakebetalt. Dersom kostnadene vedkomande anlegget skulle bli høgare enn det godkjende kostnadsoverslaget, er det høve til å søkje om tilleggslyving på bakgrunn av framlagd rekneskap.

Dersom det er trong for endringar i forhold til omsøkt tiltak må det sendast skrifteleg søknad.

Saksgong, prosjektstart og utbetaling av tilskot:

Når løyvingsbrev er motteke, kan arbeidet setjast i gang. Tidspunktet for oppstart kan etter førespurnad dispenserast frå ved behov.

Godkjent tilskot kan utbetalast etter skriftleg førespurnad frå søkjar og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskap. Eigeninnsats kan setjast til kr 180,- pr time. Det kan gjerast delutbetalingar etter skriftleg førespurnad mot å vise oversikt over førebelse utgifter.

Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake til arbeidet er fullført og sluttrekneskap med oversikt over eigeninnsats (timelister) er godkjent. Før sluttutbetaling skal anlegget synfarast og godkjennast av landbrukskontoret i kommunen. Totalt utbetalt tilskot kan maksimalt utgjere den fastsette prosentdel av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotet vil bli utbetalt til oppgjeve kontonummer på søknadsskjema. Fylkesmannens landbruksavdeling betalar ut tilskotet. Ved brot på vilkåra kan kommunen inndra tilskotet eller krevje tilskotet tilbakebetalt.

Kommunen, Fylkesmannen, SLF eller Riksrevisjonen kan gjere stikkprøvekontroll av tiltaket. Etter forvaltningslova er det høve til å klage på alle vedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Ei klage skal vere skriftleg grunngjeven og stilast til Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga, men sendast via Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal, 3850 Kviteseid.

Søknadsfrist:

Fristane er 1.juni og 1.okt. Søknader kan sendast inn etter kvart.

Kommunen skal opplyse om søknadsfristar. Fristane skal leggst ut på heimesida til kommunen.

Det skal viast ekstra merksemd på dei tiltak som skal prioriterast for gjeldande år.

Søkjara skal finne informasjon om dei aktuelle SMIL-tiltaka på heimesida til Kviteseid kommune.

Dei ulike prioriterte tiltaka i Kviteseid kommune i 2009

1. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (områdetiltak)

Det kan innvilgast tilskot til prosjekt som fører fram til planar for konkrete tiltak. Det kan gjevast eingongstilskot med inntil 75 % av godkjent kostnadsoverslag. Det vert kravd medverknad frå andre kjelder, f.eks. i forma av eigeninnsats eller delfinansiering frå andre interessantar eller samarbeidspartar.

2. Biologisk mangfald

Biologisk mangfald er variasjon og mangfald innan plante- og dyreartar, naturtypar, leveområde og økologiske prosessar i disse, samt arveleg variasjon innan plante- og dyreartar. Tiltaka skal hjelpe til med å ta vare på livskraftige bestandar av plantar og dyr og oppretthalde leveområde og spreingsveggar for ville plantar og dyr i eller i tilknytning til kulturlandskapet. Det kan søkjast om støtte til investeringar som fremjar formålet, rydding, skjøtsel, vedlikehald, restaurering. Det vert gjeve tilskot på inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag.

Vilkår:

- Tiltaket må haldast vedlike i 10 år.
- Arealet kan gjødslast og sprøytast, men dette skal gjerast etter oppsett plan.
- Det skal leggst fram miljøplan steg 2 for dei som har krav om dette.

Aktuelle tiltak:

- Rydding av artsrik gammel beitemark
- Etablering og skjøtsel av kantsoner mellom åker/skog eller mot vassdrag
- Gjenoppretting av mindre våtmarksområde
- Innkjøp og dyrking av gamle norske kulturplantar

3. Gammel kulturmark

Dette er areal med vegetasjon utforma ved slått, beite, styving, brenning eller andre driftsformer gjennom ein lang periode. Tiltaket skal ta vare på gammel kulturmark. Tiltaket skal også ta vare på livskraftige bestandar og oppretthalde leveområde og spreingsvegar for ville plantar og dyr i eller i tilknytning til kulturlandskapet. Det vert gjeve tilskot på inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag.

Prioriterte kulturlandskapsområde i Kviteseid kommune i 2009:

Dei spesielle kulturlandskapsområda i Kviteseid kommune (sjå arealdelen til kommuneplanen KL1-4): Øy- og sluselandskapet i Vrådal, Håtveit- og Bjålandsgrendi i Morgedal, Kviteseid gard/gml. kyrkje og Dalen, Landsverk og Moen i Dalane.

Søknader frå andre område i kommunen vert prioritert etter dei spesielle kulturlandskapsområda.

Vilkår:

- Arealet må vere eigna til beite.
- For at arealet skal kunne godkjennast som innmarksbeite, må det oppfylle vilkåra for innmarksbeite etter forskrift om produksjonstilskot (m.a. inngjerding, fråtrekk for dammar, fjell, sumpar, større enn 0,5 daa, antal tre pr daa osv).
- Etter rydding må arealet ha eit grasdekke på minst 50 %.
- Dersom aktuelle areal inntil beite eller dyrka jord er registrert som skogsareal på øk-kartet, skal det dokumenterast så langt det let seg gjere at det har vore beiteareal tidlegare.
- I skog omfattast tiltaket berre dersom det er ein tidlegare husmannsplass eller ein uteslått.
- Kratt og tre i beitet skal ryddast. All kvisten skal køyrast bort, brennast eller kuttast opp. Det skal eventuelt setjast att tre og buskar med tanke på naturlege element i beitelandskapet.
- Det kan gjevast tilskot til gjerding. Det kan nyttast nettinggjerde for sau med høgde 90 cm og med bølgetråd (topptråd) og t.d. impreg. gjerdestolpar med Ø 8-10 cm og avstand 150-200 cm. For storfe kan ein i staden for nettinggjerde nytte 2-3 trådar med elektrisk gjerde. Gjerdet må tilpassast dei dyra som skal nytte beitet.
- Arealet skal haldast vedlike med høveleg beitepress i framtida i 10 år etter sluttutbetaling av tilskotet. Dersom søkjar ikkje har dyr sjølv, må det leggest fram avtale med dyreeigar om leige av beiteareal.
- Tilskot til gjerding omfattar ikkje piggråd.
- Arealet kan gjødslast og sprøytast, men dette skal gjerast etter oppsett plan og takast med i gjødslingsplan for dei som søker produksjonstilskot.
- Det skal leggest fram miljøplan steg 2 for dei som har krav om dette (søklar til produksjonstilskot).

- Godkjent areal kan takast med på årleg søknad om produksjonstilskot eller regionalt miljøprogram.

4. Kulturminne og kulturmiljø/ freda og verneverdige bygningar

Kulturminne omfattar alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø. Med kulturmiljø meiner vi område der kulturminne inngår som del i ein større samanheng. Alle kulturminne frå før 1537, bygningar frå før 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda. Det kan gjevast tilskot på inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Gode og viktige søknader vert prioritert. Faglege råd frå kulturminneforvaltninga og fylkesmannen i Telemark skal vege tungt.

Aktuelle område: (lista er ikkje uttømande)

- Alle slags bygningar på gardstun og i inn- og utmark frå våningshus og driftsbygningar til uteløer, koier og kvennhus
- Kulturminne/kulturmiljø som uteløe, smie, stabbur, badstoge, mindre bygningar i heilskapleg gardstun/husmannsplassar
- Buplassar, gamle hustufter
- Ryddingsrøyser, steingjerde
- Gamle vegfar
- Gardstun/gardsmiljø av kulturhistorisk vekt – tun, hagar, alléar

Tiltak innanfor desse områda kan vere skjøtsel i og omkring kulturminne/kulturmiljø for å framheve dei eller hindre forfall, informasjon til allmenta og istandsetjing, vedlikehald og sikring mot forfall av kulturminne og kulturmiljø.

Vilkår:

Restaureringsarbeidet skal utførast etter antikvariske prinsipp; det vil mellom anna seie:

- Ta mest mogleg vare på kulturminnet sine opphavlege element eller kulturmiljøet sin eigenart og heilskap
- Foreta så få endringar som mogleg, reparasjonar framfor heil utskifting
- Bruke tradisjonelle, stadeigne materialar, handverksteknikkar og fargar
- Kulturminnet eller kulturmiljøet sin eigenart skal ein søkje å oppretthalde
- Alle tiltak skal gjennomførast etter prinsipp som kulturminneforvaltninga legg til grunn
- Det skal leggst ved kostnadsoverslag frå restaureringskyndige person/-ar.

Andre vilkår:

- Alle tiltak skal godkjennast på førehand av kommunen
- Alle tiltak skal utførast som omsøkt, trong for endringar undervegs skal søkjast om
- Alle tiltak skal ferdiggodkjennast av kommunen
- Rivingsmateriale deponerast på godkjent fyllplass i kommunen
- For våningshus til bruk for eigar og familien hans/hennar gjeld tiltaket berre utvendig restaurering av bygningen. Dette gjeld i Kviteseid kommune.
- Det skal leggst fram miljøplan steg 2 for dei som har krav om dette.

Ved trong for utfyllande retningslinjer gjeld oppheva forskrift av 26. februar 1999 med kommentarar.